



MØTEBOK 07/26

FORMANNSKAPET

Møtedato: 15.06.2026**Møtetid:**

Kl. 12:00 - 12:40

Møtestad: Teams, fjernmøte**Saksnr.:**

066/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Bendik Valseth Havnegjerde

Martin Nicolai Skår

Nils Erik Bjørkavåg

Turid Kristin Sand Humlen

Åse Petrin Vegsund

Parti

AP

AP

FRP

FRP

H

H

KRF

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, rådgivar Anne Lise Engkrog Salen og og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste vart gjort tilgjengeleg for politikarane via e-post fredag 12. og via møteportalen i dag. Pga kort tidsfrist har ikkje saksdokumenta vore tilgjengelege for publikum på Sula kommune si heimeside. Dette vil truleg kome ut i løpet av morgondagen. På starten drøfta ein grunnlaget for møtet som var kalla inn med kort varsel. Innkallinga vart gjort i samsvar med gjeldande møtereglement punkt 6. Innkalling – sakliste – kunngjering. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Ok.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	-

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
066/26	Søknad om enkeltløyve for skjenking av alkohol	

066/26: Søknad om enkeltløyve for skjenking av alkohol

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre / formannskap vedtek at:

- Teltpartner AS får skjenke 16.06.26 fra kl. 17.00 - 01.00 påfølgande natt, for visning av fotballkamp
- Teltpartner AS får vise kampen Norge - Irak i si heilheit fram til 02.00.
- Det skal betalast eit gebyr for løyve på kr. 2500,- iht. kommunen sine Alkoholpolitiske retningslinjer.
- Det vil ikkje vere mogleg å søke om fleire utvida løyve/enkeltløyve i perioden det opprinnelige løyvet pågår.
- Elles gjeld ordinære vilkår som blir stilt når ein gir eit enkeltløyve/utvida løyve.

Behandling i Formannskapet 15.06.2026

Saka vart drøfta.

Jim Arve Røssevoll (AP): vi må stryke ambulerande frå tittelen i saka då ambulerande ikkje kan bli gitt til opne arrangement som her, men til lukke lag. Vi kan ikkje gi enkeltløyve til søkar som allereie har eit løyve, men kan gi det når ein søker om tidspunkt og vilkår utanfor innvilga løyve.

Ved avstemming vart kommunedirektør si innstilling vedtatt med 4 (FrP og H) mot 3 stemmer.

F - 066/26 Vedtak:

Sula formannskap vedtek at:

- Teltpartner AS får skjenke 16.06.26 fra kl. 17.00 - 01.00 påfølgande natt, for visning av fotballkamp
- Teltpartner AS får vise kampen Norge - Irak i si heilheit fram til 02.00.
- Det skal betalast eit gebyr for løyve på kr. 2500,- iht. kommunen sine Alkoholpolitiske retningslinjer.
- Det vil ikkje vere mogleg å søke om fleire utvida løyve/enkeltløyve i perioden det opprinnelige løyvet pågår.
- Elles gjeld ordinære vilkår som blir stilt når ein gir eit enkeltløyve/utvida løyve.